

Innhald:	side
1 Eksisterande situasjon	4
1.1 Eksisterande anlegg	4
1.1.1 Grunntilhøve	4
1.1.2 Teknisk infrastruktur	4
1.1.3 Naboar og nærområde	4
2 Felleskostnader	4
2.1 Generelt	4
2.2 Lover og føresegner	4
2.3 Rigg og drift	5
2.3.1 Generelt	5
2.3.2 Vatn og straum	6
2.3.3 Tilhøve til naboar	6
2.3.4 Brakkerigg	6
2.3.5 Kraner, heisar, stillas etc.	7
2.3.6 Sikring av byggeplassen	7
2.3.7 Byggeplassadministrasjon	7
2.3.8 Sikkerhet, helse, arbeidsmiljø (SHA)	7
2.3.9 Framdrift	8
2.4 Krav til utføring og løysingar	8
2.4.1 Generelt	8
2.5 Prosjektadministrative rutinar	9
2.5.1 Generelt	9
2.5.2 Møte og rapportering	9
2.5.3 Kommunikasjon	9
2.5.4 Kvalitetssikring	10
2.5.5 Byggherren sin rett til kontroll	10
2.5.6 Endringsarbeid	10
2.5.7 Fakturering	10
2.6 Sluttfase, overlevering, etter- og reklamasjonsarbeid	11
2.6.1 FDV-dokumentasjon	11
2.6.2 Dokumentasjon	11
2.6.3 Overlevering	11
2.6.4 Overtaking	11
2.6.5 Etterarbeid	12
2.7 Prosjektering	12
2.7.1 Avgjerdsprosess	12
2.7.2 Offentlege myndigheiter	13
2.7.3 Teikningar	13
2.7.4 Kopiering og distribusjon av teikningar	13
3 Rivingsarbeid	13
3.1 Omfang av rivingsarbeidet	13
3.2 Tilrigging og nedrigging	14
3.3 Miljøkartlegging	14
3.4 Elektrisk og elektronisk avfall	14
3.5 Avfallsplan, avfallssortering og levering av avfall	14
4 Utomhusanlegg – tekniske krav	14
4.1 Bearbeiding av terreng - 71	15
4.1.1 Grovplanering terreng - 711	15
4.1.2 Forsterking av grunn - 713	15
4.1.3 Anna terrengbearbeiding – 719	15

4.2	Utandørs konstruksjonar – 72	15
4.2.1	Støttmurar og andre murar - 721	15
4.2.2	Frittstående skjermtak, leskur mv. - 723	16
4.2.3	Andre utandørs konstruksjonar – 729	16
4.3	Utandørs røyranlegg – 73	16
4.4	Utandørs elkraft – 74	16
4.4.1	Utandørs ljøs - 744	17
4.4.2	Utandørs elvarme – 745	17
4.5	Vegar og plassar - 76	17
4.6	Parkar og hagar – 77	18
4.6.1	Gras- og plenareal – 771	18
4.6.2	Beplantning - 772	18
4.6.3	Utstyr – 773	18
5	Generelle kostnader	19
5.1	Plikt til forsvarleg framdrift	19
5.2	Prosjekteringsansvar og ansvarleg søker	19
5.3	Administrasjon	19
5.4	Bikostnader	19
5.5	Forsikringar, gebyr og liknande	19
6	Særskilte kostnader	20
6.1	Finansiering	20
6.2	Meirverdiavgift	20

1 Eksisterande situasjon

1.1 Eksisterande anlegg

Eksisterande parkeringsplass er i hovudsak etablert i 1979-80 samstundes med at kommunehuset vart bygd.

Tidlegare prestekontor i sørenden at tomta er rive. Støttemurar, trapper, gråsteinsmurer etc. som står att skal fjernast som ein del av dette oppdraget. Gråsteinsmurane kan gjenbrukas i prosjektet dersom dette er tenleg.

Så snart totalentreprenør er kontrahert, vil denne få ansvar for å sikre fortau langs parkeringsplassen der det nå er oppsett anleggsgjerde inntil arbeidet her er fullført. Sikringa skal oppretthaldast til ny mur og rekkverk er på plass/arbeidet med p-plassen er ferdig.

1.1.1 Grunntilhøve

Det er ikkje føreteke grunnundersøking i anleggsområdet. Eventuelle grunnundersøkingar og nødvendige tiltak som dette måtte avdekke skal vere inkludert i tilbodet frå totalentreprenøren.

Tiltaket vil i liten grad angå grunnen, utanom nødvendig omlegging av tekniske føringar og røryanlegg samt utgraving i samband med støttemurar.

1.1.2 Teknisk infrastruktur

Totalentreprenøren er sjølv ansvarleg for å innhente informasjon om røyr- og leidningsanlegg i grunnen som han vurderer som nødvendig for gjennomføring av oppdraget..

1.1.3 Naboar og nærområde

Totalentreprenøren skal ta omsyn til omkringliggjande eigedomar, aktivitet og trafikale tilhøve.

2 Felleskostnader

2.1 Generelt

Eventuelle mengder som er oppgjeve i dette dokumentet er berre orienterande. Totalentreprenøren må sjølv gå grundig gjennom materialet og berekne eksakte mengder.

2.2 Lover og føresegner

Totalentreprenøren er ansvarleg for at anlegget vert prosjektert og utført i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande lover, statlege og kommunale føresegner, reglar, standardar, rettleiingar og retningslinjer, som måtte gjelde for det konkrete anlegget.

Alle nødvendige søknader, meldingar, godkjenningar og avklaringar til offentlege myndigheiter som ordinært er totalentreprenøren sitt ansvar, skal ivaretakast og avklarast av totalentreprenøren.

I tillegg til gjeldande byggeforskrift (TEK) med rettleiing (REN), gjer ein spesielt merksam på arbeidsmiljølova sine føresegner, mellom anna Arbeidsplassforskrifta.

Dersom ikkje anna er angjeve i kravspesifikasjonen skal utføringa vere i samsvar med NS 3420, toleranseklasse C.

Det skal fortrinnsvis nyttast preaksepterte løysingar, og i dei tilfelle det er relevant skal løysingar tilrådd i NBI sine byggedetaljar nyttast.

Det er totalentreprenøren sitt ansvar å nytte underleverandørar som er godkjent for dei enkelte arbeidsoperasjonar i prosjektet.

Totalentreprenøren skal dekke alle offentlege avgifter og gebyr i samband med gjennomføringa av oppdraget, mellom anna alle rigg- og driftsrelaterte avgifter, fyllplassavgifter, miljøavgifter etc.

Unntaket frå ovannemnde er byggesaksgebyr for ramme- og igangsetjingsløyve som i si heilheit vert dekt av byggherren.

2.3 Rigg og drift

2.3.1 Generelt

Alle utgifter til rigg og drift av byggeplass i samsvar med NS 3420, siste utgåve skal inkludrast i totalentreprenøren sine arbeid. Dette gjeld og byggeplasstraum, rydding/reinhald, avfallshandtering, snørydding, sikring av anleggstomta og alle tilhøve i samband med oppmålingsteknisk prosjektering og utstikking av tiltaket.

Totalentreprenøren skal koordinere sin rigg og drift med anna aktivitet på eigedommen. Alle kostnader som følgje av restriksjonar skal vere inkludert i tilbodet.

Alle arbeider skal utførast slik at støy, støv og trafikale problem vert redusert til eit minimum. Byggherren skal haldast kontinuerleg orientert om planlagde aktivitetar og varslast dersom det vert planlagt arbeidsoperasjonar som kan medføre ekstra ulemper.

Alle skader som påførast nabobygg, utomhusanlegg etc. skal førast attende til opphavleg stand av totalentreprenøren utan kostnader for byggherren.

Totalentreprenøren skal innan tilbodet vert innlevert ha gjort seg kjend med alle tilhøve som kan ha innverknad på etablering, drift og nedrigging av byggeplassprovisorium, og skal inkludere nødvendige ytingar for dette i sitt tilbod. Dette omfattar nødvendige forundersøkingar og avklaringar knytt til behov for leige av grunn, tilkomst og installasjonar.

Byggeplassen skal til ein kvar tid vera ryddig og oversiktleg. Alle arbeider skal gå føre seg i samsvar med ein på førehand godkjent framdriftsplan.

Tilkomsten til inngangen i 4.etg, minimum ein HC-plass og carport, samt tilkomst for utrykkingskøyretøy må haldast oppe under heile anleggsperioden. Tilkomst og bruk av andre p-plassar avtalast i anleggsperioden, men inntil ei «rekke» må haldast operativ så mykje som mogleg.

Riggplan

Totalentreprenøren utarbeider riggplan. Disponibelt riggområde vil bli påvist under tilbodssynfaringa. Riggplanen skal angje vegsystem, parkering, brakkerigg, lagerplass, byggegjerde, eventuell plassering av kran, byggestraum etc. Planen skal baserast på dei overordna krava som ligg i konkurranseunderlaget. Riggplanen skal godkjennast

av byggherren. Ulemper for drifta i kommunehuset, naboar og andre involverte vil verta vurdert.

Reint bygg

Byggearbeida skal generelt gjennomførast i samsvar med utgreiingane i «*Rent tørt bygg håndboken*», utgåve 2007 eller siste utgåve utarbeida av Rådgivende Ingeniørers Forening (RIF). Denne handboka vil verta brukt som tolkingsgrunnlag ved fastsetting av kvalitetsnivået og arbeidsomfanget i entreprisen.

Totalentreprenøren er reinhaldsentreprenør i prosjektet, og skal utarbeide rutinar og sette i verk tiltak i samsvar med gjeldande nasjonalt og lokalt regelverk for å sikre kontinuerleg rydding og korrekt handsaming av avfall som oppstår under anleggsperioden. Siste arbeidsdag kvar veke skal det gjennomførast rydding av heile anleggsområdet. Det skal takast særskilt omsyn til at arealet ved inngang til kommunehuset vert halde reint, slik at minst mogleg smuss vert transportert inn i bygget. Totalentreprenøren er ansvarleg for gjennomføringa, og skal syte for avfallscontainerar der alle entreprenørar kan legge avfall etter eigne arbeid i heile anleggsperioden. Avfallet skal kildesorterst etter reinhaldsverket i kommunen sine krav til sortering av avfall. I tillegg skal totalentreprenøren sette i verk tiltak for å minimalisere avfallsmengda som oppstår i anleggsperioden. Totalentreprenøren har ansvaret for og kostnaden med regelmessig transport til - og tømning på godkjent fyllplass.

I anleggsperioden skal mest mogleg tilpassing av materialar skje på ein avgrensa stad.

Totalentreprenøren skal utføre sluttrydding ved anlegget.

2.3.2 Vatn og straum

Totalentreprenøren er ansvarleg for byggestraum og dekker alle kostnader til dette.

Eksisterande vatn- og avløpsleidningar kan nyttast i anleggsfasen. Moglege tilkoplingspunkta for vatn, avløp og straum vil bli påvist ved tilbodssynfaringa.

Avløpsleidningar som er nytta i anleggsfasen skal reinsast og deretter videokontrollerast før overtaking. Eventuelle skader eller tilstoppingar skal utbetrast av totalentreprenøren utan kostnader for byggherren.

2.3.3 Tilhøve til naboar

Drifta av byggeplassen skal organiserast på en slik måte at arbeida vert til minst mogleg sjenanse for naboar, tilsette og trafikkantar.

Totalentreprenøren pliktar å helde seg innanfor de støyføresegner som gjeld for området. Arbeid ut over normal arbeidstid skal berre skje etter skriftleg løyve frå byggherren og offentlege myndigheiter.

2.3.4 Brakkerigg

Brakkeriggen skal dimensjonerst for dei behov totalentreprenøren har for kontor, spiserom, garderobar, lager etc. Totalentreprenør kan nytte møterom i kommunehuset for byggemøte.

Alle formelle krav til offentlig godkjenning er totalentreprenøren sitt ansvar.

2.3.5 Kraner, heisar, stillas etc.

Totalentreprenøren må sjølv vurdere behovet for kraner heiser og stillas ut over dei SHA-krav som framkjem i konkurranseunderlaget.

Plassering av eventuelle kraner, liftar, brakker, lager, containerar, eller andre innretningar, skal planleggast slik at naboar ikkje vert skadelidande.

Stillas skal utformast på en slik måte at det hindrar uvedkommande tilgang.

2.3.6 Sikring av byggeplassen

Byggeplassen skal gjerdast inn og heldast låst utanom arbeidstida.

Totalentreprenøren må sjølv vurdere behovet for vakthald og ta med kostnader i samband med dette.

Alle som ferdast på byggeplassen skal ha ID-kort med bilde, namn og firma den einskilde er knytt til. Totalentreprenøren skal føre elektronisk mannskapsliste. Tiltaket skal bidra til å forhindre ulovleg arbeidskraft og sikre oversikt over kven som til ein kvar tid arbeider ved anlegget. Personar utan ID-kort vil bli bortvises frå byggeplassen.

Alle nye personar på byggeplassen skal få en innføring i HMS-planen og de særskilte krava som gjeld for dette anlegget. Dei skal signere på at innføring er gjeve.

2.3.7 Byggeplassadministrasjon

Totalentreprenøren skal legge fram komplett oversikt over planlagt byggeplassadministrasjon.

CV for aktuelle personar i totalentreprenøren sin byggeplassadministrasjon skal leggjast ved tilbodet.

Det skal alltid vere minimum ein ansvarleg person på byggeplassen som pratar norsk, har den rette kompetanse og dei rette fullmakter i høve til driftsspørsmål og HMS så lenge arbeid skjer ved anlegget.

2.3.8 Sikkerhet, helse, arbeidsmiljø (SHA)

Det skal leggjast særleg vekt på sikkerhet, helse og arbeidsmiljø. SHA er regulert av lowerket og knytt opp mot:

- Kommunehelsetenestelova
- Arbeidsmiljølova (Arbeidstilsynet)
- Plan og bygningslova

SHA skal vektleggast både i prosjekterings- og byggefasen. Dette legg grunnlag for at gjeldande regelverk og kan etterlevast ved drifta av anlegget. SHA skal vere eige sak både i prosjekteringsmøte og byggemøte, eventuelt og andre møte der SHA-spørsmål er relevante.

Arbeidsmiljølova

Med omsyn til AML §15 "Fleire arbeidsgivere på same arbeidsplass", er totalentreprenøren sett til å ta i vare funksjonen som hovudvernebedrift og ha det fulle ansvaret for samordning av verne- og arbeidsmiljøarbeidet, og vere tryggleiksansvarleg på byggeplassen.

Internkontrollforskriften

Internkontrollforskriften av 06.12.1996 med heimel i AML §16a :

Totalentreprenøren og hans underentreprenørar pliktar å organisere systematiske tiltak for å sjå til at myndigheitene sine krav med omsyn til SHA vert haldne. Vidare skal totalentreprenøren på førespurnad legge fram dokumentasjon på eige og underentreprenørar sitt internkontrollsystem. Før arbeida vert sett i gang, må totalentreprenøren og hans underentreprenørar vere innstilt på å samordne internkontrollsystemet sitt dersom dette er nødvendig.

Byggherreforskriften

Byggherreforskriften av 03.08.2009 med heimel i AML §2 og 14 :

Byggherren vil etter §13 utnemne koordinator for SHA for heile prosjektet.

Totalentreprenøren utarbeider i samarbeid med byggherren SHA-plan for tiltaket i samsvar med Byggherreforskriften §7 og 8. SHA- planen skal vere tilgjengeleg for alle på byggeplass, og dannar grunnlaget for SHA- samarbeidet. Koordinator sender førehandsmelding til Arbeidstilsynet etter §10.

2.3.9 Framdrift

Byggherren har i tilbodsinnbydinga antyda ei ønskjeleg framdrift for prosjektet.

Totalentreprenøren må likevel på fritt grunnlag vurdere kva framdrift han kan gie tilbod om ut i frå omsynet til SHA, kapasitet etc.

Tilbode byggetid gjeld frå bestilling av totalentreprisen føreligg. I byggetida skal det medtakast 3 vekers behandlingstid i kommunen for igangsettingssøknad 1. Ved stuttare eller lengre saksbehandlingstid vert byggetida justert tilsvarande.

Framdriftskonsekvensar knytt opp mot eventuelle supplerande igangsettingssøknader er totalentreprenøren sitt ansvar.

Totalentreprenøren skal seinast 14 dagar etter bestilling frå byggherren legge fram ein hovudframdriftsplan og ein avgjerdsplan for byggherren. Framdriftsplanen skal vise samanhengen mellom framdriftskritiske aktivitetar. Totalentreprenøren skal i tillegg utarbeide vekeplaner etter behov. Planane skal ved behov reviderast underveg.

Totalentreprenøren skal halde byggherren laupande orientert om framdrifta og varsle ved eventuelle avvik frå framdriftsplanen. Alle relevante vinterkostnader som rydding av snø og pigging av tele skal vere inkludert i prisane.

2.4 Krav til utføring og løysingar

2.4.1 Generelt

Totalentreprenøren skal gjere seg kjent med dei føresetnader som ligg til grunn for tilbodskonkurransen.

Totalentreprisen skal omfatte alle nødvendige arbeid for å få eit komplett og ferdig anlegg i samsvar med byggherren sine intensjonar.

Totalentreprenøren kan ikkje i ettertid krevje kompensasjon for tilhøve som han kunne skaffa seg kunnskap om i tilbodsfasen.

Alle teikna element skal inkluderast sjølv om de ikkje er omtala i skildringa.

I konkurranseunderlagets skildring og teikningar ligg det ein del forslag til løysingar og produkt. Totalentreprenøren står fritt til å vurdere andre likeverdige løysingar. Uttrykka "tilsvarande" og "likeverdig" er å forstå som tilsvarende/likeverdig funksjon, kvalitet og utsjånad.

Likeverdigheit/tilsvarande løysing må dokumenterast av totalentreprenør med relevante data for både det skildra og føreslegne produkt, og skal leggjast fram for byggherren si godkjenning seinast tre veker før bestilling. Dersom byggherren er i tvil om tilbode løysing er likeverdig med den som er skildra, kan byggherren krevje at den skildra løysinga nyttast.

Alle arbeider og installasjonar skal halde eit høgt handverksmessig nivå.

Alle leveransar, materiale og komponentar skal vere av anerkjent fabrikk og med utprøvde produkt med verifiserbar kvalitet.

Materiale som er tilført byggeplassen skal dekkast forsvarleg. Byggherren kan krevje at fuktutsett materiell vert fjerna frå byggeplassen.

Der anna ikkje er spesifisert, skal arbeida tilfredsstillende toleranseklasse C i NS 3420, 4. utgåve.

2.5 Prosjektadministrative rutinar

2.5.1 Generelt

Totalentreprenøren skal leie kontraksarbeidet på en positiv og forsvarleg måte som fullt ut tek hand om byggherren sine interesser. Han skal ha full kontroll i heile prosjektet, også det som gjeld kostnader, kvalitet og framdrift. Byggherren kan krevje utskifta personar i totalentreprenøren sin organisasjon, mellom anna sakshandsamarar hjå tekniske underentreprenørar, som på sakleg grunnlag ikkje lenger har byggherren sin tillit. Byggherren og totalentreprenøren skal halde kvarandre orientert om kven som er deira representant og dei fullmakter desse har.

Byggherren sine rådgjevarar kan ikkje påføre byggherren plikter utan spesiell fullmakt til dette.

2.5.2 Møte og rapportering

Totalentreprenøren skal gjennomføre dei møta som er nødvendige for gjennomføringa av prosjektet, mellom anna byggemøte, prosjekteringsmøte, framdriftsmøte, særmøte etc. Det skal førast referat frå alle møta. Byggherren skal ha kopi av alle referat.

Byggherren skal kallast inn til prosjekteringsmøte og byggemøte, og deltar når han sjølv ønsker det.

2.5.3 Kommunikasjon

Alle dokument, e-post og teikningar i prosjektet skal merkes med: "Kommunehuset – Parkering – stikkord". Stikkord skal angje kva saka gjeld.

All korrespondanse skal skje elektronisk via e-post. Ein e-post skal berre behandle ei sak og ha ei presis overskrift.

Formelle brev og dokument skal underteiknast, skannast og sendast som vedlegg til e-post.

Byggherre og prosjektleiar skal ha kopi av alle dokument/teikningar som har betydning for prosjekteringa.

2.5.4 Kvalitetssikring

Totalentreprenøren skal utarbeide en komplett kvalitetsplan tilpassa prosjektet. Planen skal sikre tilfredsstillande kontroll av prosjektering og utføring. All kvalitetskontroll skal dokumenterast og vere opent for innsyn.

2.5.5 Byggherren sin rett til kontroll

Ved arbeidsoperasjonar og arbeider som ikkje seinare lar seg kontrollere, pliktar totalentreprenøren i så god tid som mogeleg å varsle byggherren slik at han om ønskeleg kan foreta kontroll.

Totalentreprenøren skal uavhengig av byggherren sin kontroll gjennomføre tilstrekkeleg dokumenterbar eigenkontroll. Ved manglande varsel kan byggherren krevje arbeidet omgjort.

Totalentreprenøren og hans medhjelparar skal i nødvendig grad hjelpe byggherren ved hans gjennomgang og kontroll, mellom anna delta på møte og synfaringar.

2.5.6 Endringsarbeid

Ingen arbeid ut over kontraktsarbeida skal setjast i gang utan avtale med byggherren. Byggherren er ikkje forplikta til å betale tilleggssarbeid som ikkje er godkjent og skriftleg tinga.

Alle tilbod eller krav skal underbyggast med tilbod, detaljkalkyle med mengder, einingsprispriser og påslagsprosentar slik at dei framlagte tala kan kontrollerast. Meirverdiavgift skal spesifiserast særskilt og medtakast i sluttsummen. Pristilbodet for endringsarbeid skal vere oppstilt slik at det tydeleg går fram kva arbeid i kontrakten som vert erstatta av endringsarbeid. Erstatta poster i kontrakten kjem til frådrag. Det endelege summen som vert lagt fram skal vere netto tillegg/frådrag i forhold til kontrakten. Det skal nyttast endringsskjema der alle relevante opplysningar for kvar endring vert lagt ved. Desse skal lagrast i same fil som PDF med eintydig filnemning i samsvar med eigen rutine.

Alle avgjerder og tingingar som gjeld kontrakten skal ligge føre skriftleg enten i form av e-post, eller i eit godkjent referat frå byggherremøte.

2.5.7 Fakturering

Avdrag på kontraktsarbeid skal skje etter ein på førehand avtalt betalingsplan. Planen skal følgje produksjonen og vere i samsvar med NS8407. Ved endringar i framdriftsplanen skal betalingsplanen endrast tilsvarande.

Fakturaer skal påførast prosjektnamn og stilast til byggherren og sendast byggherrens prosjektleiar for attestasjon og godkjenning.

Det er et krav at Tilbyder bruker elektronisk faktura i godkjent standard format i henhold til forskrift av 2. april 2019 om elektronisk faktura i offentlige anskaffelser. Dokumentene skal mottas i samsvar med standarden Elektronisk handelsformat (EHF-format).

Tilbyder må selv bære eventuelle kostnader leveranse av elektronisk faktura måtte medføre for denne.

Avdragsnotaer skal setjast opp slik at det totalt produsert, tidlegare fakturert og fakturabeløp går fram.

Endringsarbeider skal fakturerast kvar månad i ein samlefaktura. Endringsarbeid skal ikkje fakturerast før dei er ferdig utført med mindre dei har ei varigheit lengre enn 3 månader.

2.6 Slutfase, overlevering, etter- og reklamasjonsarbeid

2.6.1 FDV-dokumentasjon

Totalentreprenøren er ansvarleg for at det vert levert eit samordna og heilskapleg FDV-opplegg for alle fag. Dokumentasjonen skal leverast 2 veker før overtaking.

2.6.2 Dokumentasjon

Totalentreprenøren som vert valt til å gjennomføre prosjektet, skal levere komplett dokumentasjon på anlegget. Dokumentasjonen skal vere levert innan overtaking, og skal omfatte:

1. Den dokumentasjon som er fastsett i NS 8407.
2. All dokumentasjon som PBL m/føresegner krev framlagt i samband med byggesakshandsaminga.
3. Dokumentasjon som vert kravd i dette dokument med vedlegg.
4. Kopi av alle søknader til det offentlege og offentlege godkjenningar, bruksløyve og ferdigattestar.
5. Kopi av kontrollplanar og kontrollerklæringar for prosjektering og utføring for alle fag.
6. Komplette teikningssett på detaljprosjektnivå «som bygd» for prosjektet.
7. Produsentar og leverandørar for tekniske installasjonar skal opplysast der dette er relevant for drift og vedlikehald.

Detaljar og krav til dokumentasjon vil verta avklart seinare. Alternative løysingar kan vere:

1. Digital innlevering med teikningar i pdf og IFC-format. dwg eller Revit format samt 1 eksemplar innbundne i ringperm A4 og merka med prosjektnamn og innhald.
2. Nord-Fron kommune nyttar IK-bygg/FDV-bygg. Det kan bli aktuelt for totalentreprenøren å last inn FDV-dokumentasjon i dette systemet. Det vil da verta gjeve tilgang til systemet – der ein legg inn dokumentasjon etter NS3451, eventuelt i eige prosjekt i Boligmappa. Det vil i dette tilfelle ikkje vere nødvendig å sende inn teikningar via e-post eller minnepenn.

Sjekklistar som vert nytta i samband med kontrollplanane skal leggjast fram på førespurnad. All skriftleg dokumentasjon skal vere på norsk. Manglande dokumentasjon kan verte rekna som vesentleg mangel i samband med overtaking.

2.6.3 Overlevering

Tekniske anlegg skal leverast komplette innregulert og utprøvd. Rapportar som viser eventuelle feil og manglar skal leverast saman med dokumentasjon på at utbetring har skjedd.

Dersom bruksløyve eller FDV-dokumentasjon ikkje føreligg på overleveringstidspunktet er dette å regne som en vesentleg mangel.

Ein gjer merksam på at byggherren vil ta parkeringa i bruk rett etter overlevering.

2.6.4 Overtaking

Etter at det på basis av ferdigsynfaringa kan dokumenterast at kontraktsarbeida tilfredsstiller kontrakten sine krav skal det gjennomførast overtaking. FDVU-

dokumentasjon samt eventuell annan dokumentasjon som er definert i kontrakten skal leverast til byggherren og vere godkjent av denne.

For overtakelsesforretninga og tilhøyrande protokollering skal NS 3434 nyttast.

Overtaking inneber følgjande:

- Byggherren overtar formelt kontraktsarbeida.
- Entreprenøren får rett til å sende slutfaktura.
- Sikkerheten som entreprenøren har stilt for ansvar i byggetida, skal trappast ned i samsvar med reglane i NS 8407.
- Reklamasjonstida etter NS 8407 startar.

2.6.5 Etterarbeid

Totalentreprenøren skal ha ein formann knytt til bygget fram til alle etterarbeid er utført. Formannen skal kontrollere at alle feil og manglar er utbetra før byggherren vert kalla inn til kontrollsynfaring.

Dersom ikkje spesielle forhold tilseier noko anna, skal alle etterarbeid vere ferdig seinast 4 veker etter overtaking.

2.7 Prosjektering

2.7.1 Avgjerdsprosess

Totalentreprenøren skal utarbeide ein komplett avgjerdsplan som angjev rimelege (minimum 2 veker) fristar for byggherren sine avgjerder. Planen skal og vise fristar for framlegging av komplett avgjerdsunderlag frå totalentreprenøren.

Prosjekteringa skal følge avtalte fristar. Fristar som er angjeve i avgjerdsplanar, møtereferat, framdriftsplanar eller teikningsleveringsplanar vert rekna som avtalte fristar. For at teikningane skal reknast å vere levert innanfor fristen, må dei vere levert komplette utan behov for ytterlegare suppleringar, dersom anna ikkje er spesielt avtala.

Alle detaljløysingar, layout og val av utstyr skal godkjennast av byggherren før bestilling/utføring.

Avgjerdsunderlaget skal vere slik at det klart går fram kva som vil bli levert. Totalentreprenøren skal under detaljprosjekteringa samarbeide med byggherren slik at denne løypande får seg førelagt alternative forslag til val av materiale og utføring i dei tilfelle der fleire alternativ vil tilfredsstille kontrakten sine krav. Valretten tilkjem byggherren.

For anlegg/leveransar der val av ulike utføring gje store økonomiske og/eller tekniske utslag, skal det medtakast utredning av inntil 3 alternative løysingar med tilhøyrande kostnadsestimat. Utredningane og kostnadsestimata skal vere utforma slik at de vil gi et godt avgjerdsunderlag for byggherren. Både anskaffingskostnader og driftskostnader skal medtakast i berekninga.

Byggherrens godkjenning, eller manglande tilbakemelding, fritenk ikkje totalentreprenøren ansvaret for det utførte arbeidet.

Byggherren skal informerast umiddelbart dersom totalentreprenøren får kjennskap til forhold som har, eller vil kunne få, betydning for kvalitet, framdrift eller for

prosjektet sin økonomi. Byggherren på sin side skal halde totalentreprenøren orientert om alt som kan ha innverknad for gjennomføringa av oppdraget.

2.7.2 Offentlege myndigheiter

I samsvar med Plan og Bygningsloven vil det bli stilt krav om godkjenning i Tiltaksklasse 2 for delar av dette prosjektet. Godkjenninga omfattar funksjonane PRO, KPR, UTF og KUT.

Nordplan AS har sendt søknad om rammeløyve. Totalentreprenøren skal stå som ansvarleg søker for søknad om igangsetjingsløyve.

All kontakt og møte med myndigheiter som er nødvendig for gjennomføring av prosjektet skal medtakast.

Totalentreprenøren skal utarbeide avfallsplan som skal sendast til myndigheitene for godkjenning, samt utarbeide nødvendig sluttdokumentasjon.

Konsulentane skal utarbeide nødvendige kontrollplanar og kontrollerklæringar innanfor sine fagområde som kan leggjast til grunn ved søknad om igangsetjingsløyve. Totalentreprenøren vurderer sjølv kor mange igangsettingssøknader som skal sendast inn.

Alle relevante forskrifter skal følgast. Likeins skal alle krav pålagt av myndigheiter oppfyllest.

2.7.3 Teikningar

Teikningar skal distribuerast i IFC (evt dwg)- og PDF-format.

2.7.4 Kopiering og distribusjon av teikningar

Alle endringsforslag skal godkjennast av prosjekteringsleiar på førehand før endeleg utteikning og distribusjon.

3 Rivingsarbeid

3.1 Omfang av rivingsarbeidet

Rivingsarbeidet omfattar mellom anna riving av rekkverk og støttemur mot Øvregate, delvis riving av støttemur og komplett riving av rekkverk mellom øvre og nedre parkeringsareal samt riving/demontering av ljøs og motorvarmarpunkt.

Rivingsarbeider omfattar og riving av gjerde og støttemur i sørende av tomta om har glidde ut og seinare remontering av desse konstruksjonane samt riving av restar av mur/trapp og gråsteinsmur etter at tidlegare pretekontor vart rive. Vasstiltføres til rive pretekontor skal koblast frå ved anboringspunkt/hovudledning i fortau.

Gråsteinsmurane, både dei som står at kring det tidlegare pretekontoret og kring skulpturen ved eksisterande innkøyring, kan nyttast vidare i prosjektet i den grad dette er tenleg.

I tillegg kjem arbeider med fjerning av asfalt, kantstein og nødvendige arbeider som følgje av endra arealbruk.

3.2 Tilrigging og nedrigging

Entreprenøren skal ta med all rigg og drift inklusive vedlikehald, nedrigging og opprydding, som er nødvendig for å gjennomføre rivingsarbeidet. Entreprenøren pliktar å gjere seg kjent med tilbodskrav og forholda på staden, slik at han kan ta dei nødvendige omsyn i samband med prising av arbeidet.

Totalentreprenøren har ansvar for sikringstiltak ved rivingsarbeid.

3.3 Miljøkartlegging

Fjerning av helse- eller miljøfarlege stoff må fjernast i samsvar med føresegner og leverast som farleg avfall.

3.4 Elektrisk og elektronisk avfall

Alt elektrisk og elektronisk utstyr som vert rive i samband med ombygging/rehabilitering vert definert som EE-avfall. I slikt avfall kan det vere komponentar som kan vere helse og/eller miljøskadeleg. Difor skal alt EE-avfall leverast adskilt frå anna avfall til godkjent mottak for slikt avfall.

3.5 Avfallsplan, avfallssortering og levering av avfall

Avfallsplan og avfallssortering omfattar både rivingsavfall og byggeplassavfall.

Før rivingsarbeidet kan starte skal totalentreprenør utarbeide avfallsplan som gjer greie for planlagt mengder for riving, bygg- og anleggsavfall. Avfallsplanen skal beskrive forventta mengder og type byggavfall som vil oppstå for gjennomføring av tiltaket. Avfallsplanen skal beskrive korleis avfallet vert handtert eller disponert. Det skal gjerast greie for kva avfall som vert levert direkte til ombruk eller gjenvinning.

Avfallet skal sorterast i samsvar med krav i teknisk forskrift og leverast til godkjent avfallsmottak eller direkte til gjenvinning.

Sluttrapport for faktisk disponering av avfall, inkludert avfallsdokumentasjon for levering til godkjent avfallsmottak og avfall som har gått til ombruk/gjenvinning, skal sendast ansvarleg søker som grunnlag for søknad om ferdigattest.

4 Utomhusanlegg – tekniske krav

Utomhusområdet skal opparbeidast i samsvar med teikningar samt krav i dette kapittel.

Tilbodet skal inkludere transport av massar til og frå tomte. Det skal generelt veljast løysingar som krev lite stell og vedlikehald.

Trafikktrygge løysingar og universell utforming skal vektleggast. Generelt skal tilknytning, all tilpassing og alle overgangar mot eksisterande anlegg og terreng ivaretakast av totalentreprenøren. Overvatn skal effektivt leiast bort for å unngå at det oppstår dammar og våte område.

Nødvendig graving, fylling og massefylling for endring av terrengform skal vere inkludert.

Med omsyn til eksisterande leidningar og røyr i grunnen vert det generelt vist til vedlagte teikningar, men totalentreprenøren er likevel ansvarleg for å avklare dette meir i detalj før tilbod vert innlevert.

4.1 Bearbeiding av terreng - 71

Eksisterande vegetasjon og markdekke fjernast.

4.1.1 Grovplanering terreng - 711

Totalentreprenøren skal utarbeide og leggje fram forslag til kotesett plan som viser fallforhold og kummar som skal leggjast fram for byggherre for aksept før arbeidet vert utført. Det skal etablerast minimumsfall, men samstundes sikrast fri avrenning. Ved plassering/kotering av bygg og opphaldsareal på terreng skal det etterstrebast å oppnå fine, jamne overgangar mot eksisterande terreng med så små nivåskilnader som mogleg.

4.1.2 Forsterking av grunn - 713

Det skal etablerast nødvendig berelag og nødvendig forsterking for asfaltert trafikkareal i samsvar med Håndbok 018 Vegbygging frå Statens vegvesen. Dette gjeld både vegar, plassar og fortau.

4.1.3 Anna terrengbearbeiding – 719

Det medrekast nødvendig filter-/drenslag både for vekstjord og som underlag for faste dekke i samsvar med tekniske krav. Nødvendig omfang avgjerast av totalentreprenøren og sjåast opp mot grunnforholda. Det skal etablerast tilstrekkeleg med grøfter og sluk for å sikre at overflatevatn vert ført vekk på sikker måte.

4.2 Utandørs konstruksjonar – 72

4.2.1 Støttemurar og andre murar - 721

Eksisterande betongmur og rekkverk mot Øvregate skal fjernast og erstattast av ny plasstøyp mur og rekkverk i samsvar med vedlagte teikningar. Rekkverk skal utførast som tosidig gjerde av royalimpregnerte ståande bord og høgde på rekkverk skal vere omlag 1,50 m over fortau.

Nødvendig fundament og avstiving på grunn av nivåforskjell mellom fortau og parkeringsareal må ivaretakast. Dette gjeld og eventuell drenering og markisolering. Ny mur skal ha same plassering som eksisterande, dog minimum 1,5 m frå fortauskant i Øvregata.

Eksisterande støttemur mellom øvre og nedre parkeringsareal skal kuttast mot nord og forlengast mot sør som vist på vedlagte teikningar. Ny mur skal utførast i plasstøyp betong og ha same utsjånad som eksisterande (ståande bordforskaling). Topp av ny mur skal ha same dimensjon i toppen som eksisterande. Rekkverk skal utførast som einsidig gjerde av royalimpregnerte ståande bord og høgde på rekkverk skal vere minimum 1,0 m over nivå på øvre parkeringsareal. Drenering og eventuell markisolering skal inkluderast i tilbodet. Eksisterande rekkverk skal fjernast og heile muren skal ha nytt rekkverk , jfr. vedlagt teikningar.

Som avgrensing og for å oppta høgdeforskjellar mellom asfaltareal og gras-/planteareal skal det setjast opp tørrmur av skiferstein/natursteinsmur på same måte som ved eksisterande anlegg. Eksisterande stein kan nyttast i den grad dette er tenleg og gjev eit godt sluttresultat.

Eksisterande støttemur utanfor gangveg ned mot Nedregata i sørenden av tomte har glidd ut i toppen. Denne muren er utført av prefabrikkerte betongelement (L-element). I tilbodet skal medtakast nedtaking av rekkverk/flettverksgjerde og betongelement, avretting av grunnen og remontering av mur og rekkverk/flettverksgjerde. For å

unngå at muren skal gli ut på nytt skal det nyttast lette fyllingsmateriale på innsida av muren.

4.2.2 Frittstående skjermtak, leskur mv. - 723

Carport/lager

Eksisterande carportanlegg mot nord skal utvidast med plass til 2 bilar. I tillegg skal det byggjast eit uisolert lager med areal ca. 20 m². Anlegget skal utførast med betonggolv og med utvendig kledning, takteking og andre detaljar som på eksisterande carport. I skilje mellom gammalt og nytt carportanlegg må ein leggje til grunn at det må setjast opp ein brannvegg.

Det skal ikkje monterast porter i carport, men det skal vere ytterdør til lager. Denne må ha fri breidde 1 m slik at ein kan ta inn pallar. Døra skal vere klargjort for montering av elektrisk sluttstykke. Byggherren vurderer å montere «off-line» lås, levert av Certego. Bygget skal vere utan vindauge.

Det kan verta aktuelt å ta ut heile eller deler av dette anlegget. Anlegget skal inkludast i tilbodet, men prisen skal oppgjevast i tilbodsbrevet.

4.2.3 Andre utandørs konstruksjonar – 729

Avfallsbeholdrar

I tilbodet skal medtakast 3 stk. avfallsbeholdrar av type Molok Classic eller likeverdig produkt. Beholdrarane skal vere delvis nedgravde, vere basert på sekkeløysingar lagt til rette for tømning med kran og ha integrert lås. Kapasitet pr. beholdar skal vere omlag 5 m³ (5 000 l). Planløysinga skal gje rom for plassering av 2 stk. matavfallscontainerar ved sidan av avfallsbeholdrarane.

Tilbydarane skal oppgje kva type avfallsbeholdar som er tatt med i tilbodet.

Byggherren gjer merksam på at det kan vert aktuelt å kjøpe avfallsbeholdrarane sjølv. Pris på avfallsbeholdrarar skal derfor oppgjevast i tilbodsbrevet.

4.3 Utandørs røyranlegg – 73

Utandørs røyranlegg omfattar mellom anna modifisering og supplering av eksisterande overvasssystem med røyr og kummar.

Det ligg ein eksisterande vassleidning langs fortau mot Øvregata. Det er usikkert om denne blir råka av arbeidet med støttemur og anna. Fjerning av denne og legging av ny leidning skal ikkje inkludast i tilbodet. Pris på arbeidet skal oppgjevast som opsjon i tilbodsbrevet.

Eksisterande prestekontor er rive, men vasstilførsel frå hovudvassleidningen i Øvregata er ikkje fråkopla. Stikkleidningen til prestekontoret skal pluggast/koplast frå hovudleidningen i Øvregata.

Ved etablering av eventuelle grøfter for røyr og leidningar utanom entrepriseområdet skal areal som vert råka tilbakeførast til dagens kvalitet/standard.

4.4 Utandørs elkraft – 74

Utandørs elvarme omfattar og modifisering og omlegging av eksisterande røyr, kablar og leidningar i grunnen som vist på vedlagte teikningar. I desse arbeide inngår mellom anna:

- Fast tilkopling av eksisterende pullertljøs langs gangveg ned mot Fokets Hus/Ellingsbakken. Den provisoriske leidningen frå Palmerhagen skal erstattast av kabel med fast tilkopling.
- Sannering av eksisterande trekkekum som kjem i konflikt med ny tilkomsveg. Denne kummen er tenkt erstatta av ny kum på nedsida/vestsida av gangvegen ned til Folkets Hus. Arbeidet skal og inkludere nødvendig omfang av nye trekkerøyr og kablar som følgje av dette.

Alle nye kablar og leidningar i grunnen skal leggjast i trekkerøyr.

4.4.1 Utandørs ljøs - 744

Tilbodet skal inkludere utvendig ljøs på heile parkeringsplassen, tilkomstveg og fortau i samsvar med håndbok V124 Teknisk planlegging av veg- og tunnelbelysning, belysningsklasse CE4, frå Statens vegvesen. Anlegget skal ha stolpar i svart farge.

Pullertljøs langs gangveg ned mot Folkets Hus som forlengast heilt opp til det nye fortauet langsmed den nye tilkomstvegen (1 stk. ny pullert vil truleg vere tilstrekkeleg). Pris på denne skal oppgjevast i høve dette vert sløyfa ved utføring.

4.4.2 Utandørs elvarme – 745

Motorvarmarpunkt

Parkeringsplassar mot vest på øvre parkeringsareal samt parkeringsplassar mot støttemur/øst på nedre areal skal ha motorvarmarpunkt. Eksisterande motorvarmarar mot kommunehuset /vest på nedre areal skal behaldast, men plasseringa vil måtte endrast som følgje av dei planmessige omgjeringsane. Tilbodet skal leggja til grunn at eksisterande motorvarmarpunkt skal nyttast på alle plassane. Einingspris på nye motorvarmarpunkt skal oppgjevast i høve utskifting vert nødvendig.

Som opsjon skal oppgjevast pris på 10 stk. nye motorvarmarpunkt for parkeringsplassar mot Øvregate/øst på øvre parkeringsareal. Trekkerøyr fram til desse motorvarmarpunktane samt eventuelle ytterlegare motorvarmarpunkt i denne rekka skal vera med i tilbodet.

Ladepunkt for el-bilar

Planen inkluderer 4 stk. ladepunkt for el-bilar med plassering som vist på vedlagte teikningar. Tilbodet skal inkludere legging av kabel i trekkerøyr fram til ladepunkta (krav til kabel: Pfxp 4 x 16 mm² + jord). Totalentreprenøren skal opplyse om einingspris i høve talet vert endra ved utføring.

Det er planlagt at byggherren sjølv vil inngå avtale med leverandør av ladepunkt og leverandør av betalingsløysing og i samarbeid med denne skaffe seg oversikt over behov for straum/data. Byggherren ønsker likevel einingspris på dette frå totalentreprenøren som skal oppgjevast i tilbods brevet.

4.5 Vegar og plassar - 76

Alle faste dekker skal ha jamn, sklisikker og ugrasfri overflate. Det skal vere visuell og taktil avgrensing i samband med stifinjing i inngangssoner og i overgangar mellom ulike materialar, jfr krav om universell utforming (NS 11001-1).

Asfaltdekke

Håndbok 018 Vegbygging frå Statens vegvesen skal leggjast til grunn utføring av asfaltdekke. Dette gjeld både køyreareal og fortau.

Ny asfalt på fortau i Øvregata grunna graving for ny mur skal inkluderast i tilbodet.

Kantar/avgrensingar

Som avgrensing mot køyreareal skal nyttast grannitkantstein som vist på teikningar. Både nedsenka kant og løysing med vis vil bli nytta.

Oppmerking parkering/HC parkering

Det skal medtakast ny oppmerking av parkeringsareal. HC-plassar skal markerast med både symbol på bakken og skilt på stolpe i samsvar med TEK17 UU-krav.

Smågatestein

På områder rundt avfallsbehandlarar skal det leggjast smågatestein. Alternativ kan asfalt vere aktuelt dersom dette gjer reinhaldet enklare. Pris på asfalt skal oppgjevast som opsjonspris.

4.6 Parkar og hagar – 77

4.6.1 Gras- og plenareal – 771

Det skal her medtakast arbeider med undergrunn, utlegging og planering av vekstjord, gjødsling og såing. Vekstjorda skal vere ugrasfri, alternativt må den først «brakkast» dersom det er tvil om den er ugrasfri. Det skal nyttast frøblanding for bruksplen, eventuelt ferdigplen på rull.

Vekstjord og planareal skal ha eit stort innhald av engrapp.

Det skal medtakast arrondering av tilhøyrande grasareal råka av tiltaket. Dette gjeld og rigg- og driftsareal.

4.6.2 Beplantning - 772

Det skal nyttast ugrasfri, optimalt gjødsla og kalka vekstjord for plantefelt. Alle plantefelt skal ha duk. Alle plantefelt dekkast med elvestein eller elvesingel (vaska) i dimensjon 8-16 mm.

Plantene skal ved overlevering vere i god vekst og utan teikn til sjukdomsangrep. Planta areal skal vere frie for ugras og med porøs, jamn overflate. Stein større enn 10 cm i diameter, røter og liknande skal vere fjerna frå plantefelta.

Tre og busker skal herdigheit H6, og ha vekstjord i tjukkleik 100 cm og volum 2,5 m³.

Det skal generelt nyttast busker og tre tilpassa lokal klimasone, E-plante, med god kvalitet og storleik. I tilbodet skal medtakast rogn og bærsøtmispel (til dømes kashmirrogn (fleirstamma) og sibirlønn med storleik SO 18-20). Omfang som vist på teikningar. Vekstane skal tilpassast vekstane som alt er i Palmerhagen.

4.6.3 Utstyr – 773

Skulptur

Eksisterande skulptur/rallar inklusive sokkel skal demonterast og monterast med plassering som vist på vedlagte teikningar. Den skal og lyssetjast.

Sykkelparkering

Totalentreprenøren skal ta med demontering og montering av eksisterande stativ for sykkelparkering.

5 Generelle kostnader

5.1 Plikt til forsvarleg framdrift

Totalentreprenøren skal planlegge framdrift på prosjektet i samsvar med kontraktsfesta dato for ferdigstilling. Totalentreprenør skal lage framdriftsplanar for både prosjekterings- og utføringsarbeidet og sikre forsvarleg framdrift for alle fagområde.

5.2 Prosjekteringsansvar og ansvarleg søker

Denne kravspesifikasjon og teikningsgrunnlag for tilbodskonkurransen er utarbeidd av Nordplan AS. Teikningsgrunnlaget er på eit skisse/forprosjektnivå som skal vidareutviklast i den vidare prosessen.

Totalentreprenøren skal ivareta ansvar som ansvarleg søker og komplett prosjekteringsansvar for vidare detaljprosjektering av alle fagområde som er aktuelle for prosjektet.

Totalentreprenøren er prosjekteringsgruppeleiar og skal koordinere prosjekteringsarbeidet og gjennomføre prosjekteringsmøte, inkludert referat frå desse møta.

Det skal utarbeidast produksjonsteikningar og «som-bygd teikningar». I detaljprosjektfasen skal løysingar leggjast fram for byggherren for godkjenning før produksjon. Byggherren si godkjenning fritenk ikkje entreprenøren ansvar i høve til myndigheitskrav eller krav frå andre godkjenningsinstansar, eller fagmessig utføring.

Ved førespurnad skal totalentreprenøren levere dokumentasjon som syner at gjeldande krav til anlegget er oppfylt. Byggherren skal ha kopi av det komplette prosjekteringsmateriellet og av alle søknadar og all korrespondanse med bygningsmyndigheitene. Dokumentasjon på utført kontroll skal leggjast fram for byggherren ved førespurnad.

5.3 Administrasjon

Byggherren dekker eigne kostnader til prosjektleiing og byggeleiing/byggherreombod. Byggeleiar/byggherreombod vert kontaktledd mellom entreprenør og byggherre i det vidare arbeidet med prosjektet.

Totalentreprenøren dekker eigne kostnader til prosjekteringsleiing, byggeleiing, forretningsførsel, juridisk bistand etc. som måtte oppstå i samband med gjennomføring av kontraktsarbeidet. Totalentreprenør skal delta i og dekke alle sine kostnader ved deltaking i byggherremøte og/eller byggemøte gjennom heile anleggsperioden.

5.4 Bikostnader

Alle kostnader til mangfaldiggjering av prosjektdokumentasjon, reiser og diettar, teletenester og liknande skal vere medrekna i tilbodet.

5.5 Forsikringar, gebyr og liknande

Byggherren dekker gebyr ved handsaming av igangsetjingssøknad 1. Alle andre kostnader i samsvar med NS 8407 pkt. 16.3 skal vere inkludert i tilbodet.

6 Særskilte kostnader

6.1 Finansiering

Renter og provisjon av byggherren sitt byggelån fram til overtaking er byggherren sitt ansvar.

6.2 Meirverdiavgift

Tilbodssum skal vere inkl. m.v.a.

Kapittelsummar skal først inn i arkfana Produkter i Merzell, der summar skal vere ekskl. m.v.a.